


Vedtatt på SK Landsmøte 19 – 21 mars 2010

Arbeidsplan 2010 – 2011

Senterkvinnene



Framlegg til vedtak;

Arbeidsplanen for Senterkvinnene 2010 - 2011 vert vedteken.
Sentralstyret får fullmakt til å gjere nødvendige endringar.

SENTERKVINNENE



Senterkvinnene legg med dette fram forslag til arbeidsplan for dei komande to arbeidsåra ©.

Arbeidsplanen er eit overordna styringsdokument for arbeidet i Senterkvinnene (SK).

- Sentralstyre vil på første fysiske styremøte ha ein grundig gjennomgang av denne arbeidsplanen for å oppdatere den i høve ting som kjem fram på Landsmøte – og andre ting som måtte dukke opp. Oppdatert arbeidsplan vil verte sendt fylkesleiarane i Senterkvinnene og fylkeskontora.
- status arbeidsplan skal vere fast sak på alle ordinære sentralstyremøte gjennom året. På denne måten vert planen eit levande dokument, og styre kan gjere justeringar i planen dersom dette er formålstenleg.

Hovudmålsetjing:

I mellomvalåret vil det vere hovudfokus på organisasjonsarbeid og politikktutvikling, medan det i 2011 vil vere hovudfokus på valkampførebuing og valkamp.

- SK skal arbeide for å styrke eigen organisasjon, og for å auke engasjementet om SK sitt arbeid i heile organisasjonen.
- Auke talet på kvinnelege medlemmer og tillitsvalde / folkevalde i SP. Målsettinga er 8 000 kvinnelege medlemmar i Senterpartiet innan utgangen av 2011.
- Ved valet i 2011 er målsettinga at minst 40 % av listetoppene til SP er kvinner, og minst 40 % av våre folkevalde etter valet er kvinner.
- Medverke til å sette fokus på politiske saker som opptek kvinner.

Organisatoriske målsetjingar:

- Få fleire kvinner til å engasjere seg i politisk arbeid – generelt, og særleg innan SP.
- Betre kontakten med Senterkvinnene sine fylkesorganisasjonar.
- SK skal vidareutvikle samarbeid med kvinner i andre organisasjonar.
- Arbeide for at fylkeslaga i SP skal sette kvinnepolitiske utfordringar på dagsorden.

Politiske målsetjingar:


- Arbeide med dagsaktuelle politiske saker – først og fremst med utgangspunkt i Senterkvinnene sitt manifest 2010 – 2014.
- Bidra til at fylkeslaga i SK er aktive i samband med utarbeiding av valprogram til lokalvalet.

Kommune- og fylkestingsvalet 2011:

- Utarbeide SK sin strategiplan for kommune- og fylkestingsvalet 2011.
- Drive påverknad overfor lokal- og fylkeslag slik at dei kan bidra til å oppnå våre målsetjingar når det gjeld tal kvinner på vallistene.

1) TOÅRSHJUL

I eit politisk parti er det naturleg å tenkje i toårsbolkar, der ein har mellomvalår og valår. Senterkvinnene har utarbeidd eit toårshjul, og våre hovudaktivitetar er innarbeidd i dette.



2) ORGANISASJONSUTVIKLING – først og fremst i 2010

Som vanleg i mellomvalår vil det være særleg fokus på organisasjonsutvikling. For Senterkvinnene vil det viktigaste vere å få til gode arbeidsprosessar i sentralstyre – og eventuelle utval som vert oppnemnde under sentralstyre.

Vi vil også arbeide med å få til auka fokus og forståing i Senterpartiet – både sentralt, regionalt og lokalt – når det gjeld å støtte opp om SK sitt arbeid. Mottoet er at *til fleire som arbeider med SK og SP sine organisatoriske og politisk målsettingar – til betre er det!!!*

Det er viktig at organisasjonen er best mogleg rusta til neste års lokalvalkamp. Skal vi få til auka oppslutnad so trengst det ein solid og god organisasjon – på alle plan. SK skal vere ein viktig bidragsytar i dette arbeidet.

3) STUDIEARBEID

a) SP-skulen:

Studieforbundet sentralt vil i løpet av 2010 lansere SP-skulen. Sentralstyre vil vurdere om det er element i SP-skulen som vil vere naturleg at sentralstyre går gjennom. Vi vil vidare arbeide for at SP-skulen også har ein bolc med opplæring av SK-kontaktane i lokallagsstyra.

b) Anna studiearbeid:

Sentralstyre vil gjennom arbeidsåret vurdere om det er aktuelt å gjennomføre studiering eller anna skulering på aktuelle saker eller tema.

4) KURS OG KONFERANSAR

a) Telefonmøte med fylkesleiarane:

Sentralstyre vil gjennomføre minst to årlege telefonmøte med fylkesleiarane i Senterkvinnene. Tema for desse møta vil vere både av organisatorisk og politisk art.

b) Andre samlingar:

I samsvar med toårshjulet skal det arrangerast haustkonferanse hausten 2011. Sentralstyre vil vurdere opplegg og regi for denne samlinga seinare.

5) MEDLEMMAR OG TILLITVALDE / FOLKEVALDE

a) Auke talet på kvinnelege medlemmar og tillitsvalde i Senterpartiet:

I ein arbeidsplan bør det vere nokre målbare målsettingar. Det som er enklast å måle er tal medlemmar, prosent kvinner på vallister og so vidare. Sentralstyre vil gå gjennom desse målsettingane etter landsmøte for å kvalitetssikre dei mest mogleg. Senterkvinnene har slike førebelse målsettingar for sitt arbeid i 2010 / 2011:

	pr. 31.12.09	målsetting 2010	måloppnåing	kommentar
Kvinnelege medlemmar i SP.	7421	8 000 medl.		Alle kvinnelege medlemmar i SP er automatisk medlem i SK.
	29%	40 %		
Tal kvinnelege lokallagsleiarar i SP.	448 lag 137 kvinner 33%			Lokallagsleiar i SP er i flg. vedtektene neste gong på val hausten 2011.
Prosent kvinner mellom tillitsvalde i lokallaga.		40 %		
Tal kvinner på topp – ft-listene 2011.	xx - (valet 2007)	10		
Prosent kvinner totalt på SP sine vallister.	44,5% (valet 2007)	50		
Tal kvinnelege listetoppar – kommunevalet 2011.	xx – (valet 2007)	150		Dei fleste lokallaga i SP startar sine nominasjonsprosessar i 2010 – men mange ventar til første kvartal 2011 med å avhalde nominasjonsmøte.
Prosent kvinner i SP sine grupper på fylkestinga og i kommunestyra etter valet 2011.	Valet 2007 Fylkesting: 16,6% Kommunestyre: 39,7%	45		Resultatet av denne målsettinga vil ikkje vere klar før etter valet i september 2011.

b) Verving - særleg retta mot kvinner.

Skal ein nå målet om nye medlemmar må det drivast aktivt vervearbeid. I praksis er dette ei oppgåve som lokallaga i SP må organisere. Sentralstyre i SK vil utarbeide ei verveplan som er særleg mynta på å få nye kvinnelege medlemmar. Styret vil vurdere om ein skal sette opp vervepremie for det lokallaget som gjer det beste vervearbeidet overfor kvinner.

6) LOKALLAGA I SENTERPARTIET

Senterpartiet sine lokallag er det viktigaste organet / nivået i heile SP-rørsla. Utan gode og aktive lokallag er det heller ikkje mogleg å drive resten av organisasjonen. Det er i lokallaga vi finn medlemmane, og det er i lokallaga det viktigaste arbeidet vert gjort.

I mange lokallag er det drøftingar om korleis ein kan revitalisere organisasjonen, og korleis ein kan finne nye arbeidsmåtar som slik at vi kan auke både trivsel og medlemstal – noko som igjen fører til auka oppslutning ved val.

Senterpartiet har utfordringar når det gjeld å få fleire kvinner til å delta i partiarbeidet – utfordringar når det gjeld å få fleire kvinnelege medlemmar, og det er utfordringar når det gjeld å få fleire kvinner til å røyste på SP ved val.

SK skal vere bidragsytar og pådrivar overfor lokallaga når det gjeld å nå nye medlemmar og veljargrupper. Sentralstyre vil ha eit særleg fokus på sk-kontaktane i lokallaga, og korleis ein kan legge forholda best mogleg til rette for at desse kan gjere ein best mogleg jobb. Det må etablerast gode samarbeidsformer for å nå dei målsettingar vi set oss.

7) POLITISK ARBEID

Det er ei målsetting med det politiske arbeidet at SK sitt sentralstyre skal verte eit viktig politisk organ og premissleverandør i senterrørsla. For å nå dette målet må det byggast politisk kunnskap, det må drivast politikkutvikling og det må drivast påverknad av politiske prosessar.

a) Senterkvinnene sine politiske satsingsområde:

Senterkvinnene sitt Manifest 2010 – 2014 (vedtakast på Landsmøte mars 2010) vil danne basis for Senterkvinnene sitt politiske engasjement. Manifestet skal neste gong rullerast på Landsmøte i 2012.

Det skal på alle ordinære fysiske sentralstyremøte vere ein politisk debatt – basert på ei innleiing. Innleiarar kan vere både interne og eksterne. På denne måten vil sentralstyre både bygge eigen politisk kompetanse, og vi vil sette fokus på politiske område vi meiner er viktige.

b) ”kvinnepolitiske spørsmål”:

Sentralstyre vil ha fokus på det som i daglegtale vert omtala som ”kvinnepolitiske spørsmål”. Det vil være viktig å søkje kontakt og samarbeid med kvinner i andre organisasjonar.

c) arbeidsmetodikk:

- o politisering av sentralstyre (sjå pkt. 7 a)
- o vedk. Stortingsgruppa sitt arbeid: Senterkvinnene vil so langt praktisk mogleg følge stortingsgruppa sitt daglege arbeid. I samarbeid med gruppa vil vi sjå på korleis dette kan gjerast på ein best mogleg måte.
- o vedk. skriving av pressemeldingar m.v.: Dette er eit ansvar som ligg på heile sentralstyre. Vi vil på møta fordele arbeidsoppgåver fram til neste sentralstyremøte. Utveksling av info på e-post (eller



andre elektroniske kommunikasjonsformer) vil vere ein nyttig arbeidsmåte. Målsettinga er ei til tre pressemeldingar om aktuelle tema pr. måned. Fylkeslaga vert oppmoda om å kome med innspel.

d) nokre enkeltsaker:

Senterkvinnene vil til ei kvar tid følgje opp aktuell politiske enkeltsaker – enten dei vert tekne opp av enkeltmedlemmar, dei vert spelt inn frå t.d. fylkeslaga, eller dei vert sett på dagsorden av andre. Dette kan vere saker innan alle politiske område.

8) INTERNASJONALT ARBEID

a) verdaskiljødag – 5. juni:

Senterkvinnene skal vere med å markere verdaskiljødag. Dette er ei oppmoding som fylkeslaga våre må følgje opp.

b) nordisk samarbeid:

SK vil søke kontakt med SP sine kvinneorganisasjonar i dei andre nordiske landa for å sjå korleis ein kan vidareutvikle dette samarbeidet innafor dei økonomiske rammene vi har.

c) nordsør / internasjonalt engasjement:

Sentralstyret vil i perioden vurdere kva omfang SK skal ha på sitt internasjonale engasjement.



Foto: Per Rune Vereide

9) INFORMASJONSARBEID

a) informasjonsstrategi:

Informasjon og kommunikasjon kan først og fremst nyttast til tre hovudføremål:

- å gje organisasjonen eit godt omdøme både intern og eksternt
- å påverke opinionen / folk flest til å støtte opp om vår politikk
- informere internt slik at flest mogleg får forståing og eigarskap til det organisasjonen driv med

Gjennom å bruke informasjon som verkemiddel, søker vi først og fremst å skape merksemd og gje kunnskap. På sikt er målsettinga å endre haldningar og politisk ståstad hos folk flest - eller utvalde strategiske målgrupper.

b) interninfo:

Sentralstyre tek sikte på å sende ut ein interninfo på e-post til alle SK-medlemmar (med registrert e-postadresse i medlemsregisteret) ein gong i kvartalet. Informasjonen skal også leggst ut på SK si heimeside.

c) mediearbeid:

Det er ei målsetting at SK vert "mest mogleg synleg" i nasjonale og / eller regionale media . For å nå denne målsettinga vil det vere ei fast sak på styremøta at ein drøftar kva mediestrategi ein skal ha fram mot neste møte. Ein vil prøve å få til oppslag ut frå følgjande prioriterte liste:

- (1) redaksjonelle oppslag
- (2) uttalar
- (3) lesarbrev

Sentralstyre vil i samband med drøftingane om mediestrategi – fordele oppgåver når det gjeld skriving av pressemeldingar / lesarbrev



d) heimesider:

Det vil vere viktig å ha jamleg oppdatering av heimesidene våre. Sekretæren har hovudansvaret for å oppdatere desse.

e) facebook:

Sentralstyre vil vurdere å ei eiga SK-gruppe på facebook. Styret bestemmer kven som skal vere administrator for denne sida.

10) STYREARBEID

Målsetting: Senterkvinnene sitt sentralstyre skal vere ein arena for politikktutvikling og organisasjonsbygging. Arbeidet skal vere lærerikt, og det skal leggst vekt på kompetanseutvikling både for den enkelte, og for styre som forum. Styrearbeid i Senterkvinnene skal vere moro!!!

a) tal fylke styremøte:

Sentralstyre vil i utgangpunktet sette 8 til 10 styremøte gjennom arbeidsåret – minst 3 av desse skal vere fysiske møte. Møteplan vert sett opp på første sentralstyremøte etter landsmøte. Det vil verte vurdert å legge dei fysiske styremøte "rundt om i landet".

b) innhald på styremøta:

Styre vil på første ordinære styremøte etter landsmøte mellom anna diskutere arbeidsform og arbeidsplan for sentralstyre.

På kvart sentralstyremøte (dei ordinære) vil det vere nokre faste saker:

- mediestrategi fram mot neste styremøte
- status arbeidsplan
- innleiing – med påfølgjande spørsmålsrunde / debatt. Dette kan vere generelle eller tematiserte politiske innleiingar, eller det kan vere tema med eit fagleg utgangspunkt. Innleiarane kan vere både interne og eksterne. (NB – berre på dei fysiske møta).
- nokre "proformasaker"
 - protokollar
 - skriv og meldingar / munnlege orienteringar

c) arbeidsutval:

Sentralstyre vil vurdere om det er formålstenleg å ha eit arbeidsutval på tre personar som kan "ta unna" nokre proformasaker og "lettare organisatoriske saker". Dersom det vert bestemt at det skal vere eit eige au vil det verte utarbeidd eit mandat for dette.

11) KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET 2011

a) **valkampførebuing:**

Sentralstyre vil hausten 2010 starte planlegginga av kommune- og fylkestingsvalkampen 2011. Dette vil vere den viktigaste saka utover i 2011. Det vil verte utarbeidd ein eigen valkampplan for Senterkvinnene. Denne planen vert sendt på høyring i våre fylkeslag før sentralstyre gjer endeleg vedtak.

b) **nominasjon:**

Senterkvinnene vil arbeide overfor fylkesleiarane våre når det gjeld nominasjonsprosessane framfor fylkestingsvalet 2011. .

Vi vil også arbeide overfor lokallaga i SP slik at dei bidreg til at vi når våre målsettingar når det gjeld kvinneleg representasjon på kommunevallingene.

Målsettinga er sett opp i pkt. 5 a i denne arbeidsplanen.

Det vil verte utarbeidd eit eige strateginotat for dette arbeidet – som vert presentert på telefonkonferanse med fylkesleiarane første halvår 2010.

c) **programarbeid:**

Senterkvinnene sine fylkesorganisasjonar bør vere representert i den programnemndene som skal utarbeide framlegg til nye ft-program for perioden 2011 – 2015.

12) SAMARBEIDSORGANISASJONAR – utanom partirørsla

a) **gjennomgang og målsetting:**

Sentralstyre vil i perioden ha ein gjennomgang på kva organisasjonar vi skal ha formelt samarbeid med. Målsettinga med samarbeidet må uansett vere at vi kan samle oss om dei målsettingane som desse organisasjonane har.

b) **partipolitiske organisasjonar:**

Sjå punkta 7b og 8b.

13) ANDRE TING

a) **økonomi:**

Senterkvinnene er avhengig av overføringar frå Senterpartiets Hovudorganisasjon. Det er eit krav at vi får ein økonomi som gjer at vi kan få til ei forsvarleg drift av organisasjonen, og at vi har langsiktige rammer å halde oss til. Dette vil vere ei av dei viktigaste sakene å få på plass i starten av arbeidsåret. Sentralstyre vil ut frå tildelte rammer sette opp budsjett, og styre skal minst to gangar gjennom arbeidsåret ha framlagt budsjettstatus.

b) **samarbeidet med Senterpartiet – og Senterungdomen:**

Senterkvinnene har eit godt samarbeid med SP. Dette samarbeidet skal vidareutviklast, og eit godt samarbeid er ein suksessfaktor dersom vi skal nå målsettingane våre.

SK sin leiar er medlem av SP sitt sentralstyre, og ein av SP sine sentralstyremedlemmar er medlem i SK sitt sentralstyre.

SK vil også sjå om det kan vere naturlege samarbeidsarenaer med Senterungdomen.

c) **Gjennomgang av vedtekter:**

Senterkvinnene skal fram til neste landsmøte ha ein grundig gjennomgang av vedtektene. Framlegg til reviderte vedtekter skal handsamast på SK sitt landsmøte 2012.

14) FØREBELS DATO OG AKTIVITETSPLAN – vil bli utarbeidd på første ordinære sentralstyremøte etter landsmøte.

<i>dato</i>	<i>aktivitet</i>	<i>kommentar</i>

